

Til Kulturdepartementet

Innspel til strategi for folkemusikk og folkedans frå Folkemusikkarkivet i Telemark

Innleiingsvis vil vi berømme departementet for å ha tatt initiativ til ein slik strategi. Folkemusikk og folkedans har av mange blitt sett på som noko som "klarar seg sjølv". Utarbeiding av ein statleg strategi er ei stadfesting av det vi i miljøet alltid har meint – at det er eit statleg ansvar å bidra til å ta vare på dei unike tradisjonane vi er så heldige å ha i dette landet. Ein slik strategi skapar forventningar.

Vi veit at arbeidet med denne strategien har skapt engasjement og at det vil kome innspel frå mange aktørar. Vi vil derfor nøye oss med å sette opp nokre få punkt som er viktige sett frå vår ståstad – Folkemusikkarkivet i Telemark.

Kulturarv må bevarast gjennom aktiv bruk. Ein tradisjonell feleslått er ikkje bare interessant fordi han er gamal, han er også gamal fordi han er interessant – for stadig nye generasjonar. Derfor vil slåtten kunne bli tolka på stadig nye måtar, og nye uttrykk kan oppstå, det er *levande tradisjon*. Engasjerte enkeltpersonar vil alltid vera viktige i ein slik prosess. Men samfunnet må lage ordningar som gjer at nye generasjonar får møte kulturarven, at den blir ein naturleg del av livet og kvardagen, at den kan dyrkast på alle nivå og bli utvikla vidare. Då treng vi tilskotsordningar og institusjonar som kan bidra til kontinuitet og verke saman med engasjerte enkeltpersonar, lag og miljø.

Kva treng vi?

Vi treng **regionale folkemusikksenter i alle landsdelar**. Nord-Norge og Midt-Norge har fått driftstilskot til sine senter, dette må følgjast opp slik at vi får tilsvarende folkemusikksenter i resten av landet. Slike senter kan fungere som eit nav i miljøet og serve heile feltet, både det frivillige og det profesjonelle, og dermed styrke alt frå rekruttering til konsert- og artistbransje. Etablering av nye senter bør bygge på eksisterande miljø rundt festivalar, arkiv eller anna folkemusikkrelatert verksemd.

Vi treng ein **landsdekkande struktur av regionale folkemusikkarkiv**. I dag finst det ein del slike arkiv, men dei driv på svært ulike vilkår og ikkje alle regionar er dekt opp. Bevaring av kulturarven kan ikkje vere avhengig av eldsjeler aleine. Staten bør ta eit overordna ansvar for folkemusikkarkiva, blant anna ved å bidra med eit grunntilskot til drifta. Nasjonalbiblioteket bør få mandat til å ta ansvar for eit nytt felles katalogsystem for arkiva, noko det er stort behov for. NB bør også kunne støtte arkiva når det gjeld fagleg utvikling.

Vi treng **gode og forutseielege tilskotsordningar** som kan støtte opp om lokale og regionale initiativ og bidra til stabilitet i drifta av verksemder og organisasjonar. Det er ikkje bare nye tiltak og prosjekt som treng støtte, det gjer også den jamne drifta. Det er den jamne drifta som er avgjerande for kontinuiteten i arbeidet.

Vi treng **opplæringstilbod på alle nivå**, frå førskule til universitet, og gode vilkår for samarbeid mellom institusjonane, det offentlege og det frivillige. Dette gjeld for dansen så vel som for musikken – desse to heng nært saman. I tillegg må instrumentmakar-tradisjonane bli ivaretatt. Det må på plass tilbod om høgare utdanning i folkedans. Vidare må forholda leggjast til rette for forskning innafor folkemusikk- og folkedansfeltet, og forskarar må få høve til publisering. Det inneber støtte til fagtidsskriftet *Musikk og tradisjon*, som er det einaste i sitt slag i Noreg.

Vi treng **robuste nasjonale aktørar** på feltet. Mens vi andre ”grev oss ned i” lokale og regionale spesialitetar, kan dei løfte blikket og ha oversikt, samle heile feltet og sørge for samordning og landsdekkande prosjekt. Eksempelvis har Norsk senter for folkemusikk og fokedans (tidl. Rff) i mange år bidratt sterkt til eit fagleg fellesskap mellom folkemusikkarkiva i landet, på tvers av ulik organisering. Slike aktørar blir minst like viktige i åra framover.

Vi har von om at mange gode innspel saman med departementets eige arbeid vil resultere i ein god landsdekkande strategi for folkemusikk og folkedans. Eit etterlengta dokument! Vi har også von om at dette ikkje bare blir fine ord på eit papir, men at det får varig positiv verknad for feltet.

Bø, 18.12.2020

Folkemusikkarkivet i Telemark
Kari Lønnestad, arkivleiar